



# REDESIGN AV LEKTOR- UTDANNINGA VED UIB: MODELL-UTKAST

---

RAPPORT 1 (2022) FRÅ PROSJEKTGRUPPE FOR  
REDESIGN AV LEKTORUTDANNINGA.  
KORRIGERT VERSJON 28.10.22

1. BAKGRUNN.....	3
1.1 MÅL OG INNHALD.....	3
1.2 VEDTAKSGRUNNLAG.....	4
1.3 PROSJEKTORGANISASJON .....	5
1.4 PROSJEKTGRUPPA.....	6
2. SENTRALE RAMMEVILKÅR .....	8
2.1 PRAKSIS.....	8
2.2 PROFESJONSFAG .....	9
2.3 DISIPLINFAG .....	11
2.4 PLASSERING AV EX.PHIL. ....	13
2.5 INNFORINGSEMNE I FØRSTE SEMESTER .....	14
2.6 FRIE STUDIEPOENG .....	14
2.7 MASTEROPPGÅVA .....	15
3. MODELLAR .....	16
3.1 GENERELT .....	16
3.2 MN-FAKULTETET .....	19
UTKAST TIL NY MODELL FOR MN – ALTERNATIVE MODELLAR	20
3.1.1 ALTERNATIV 1 FOR MN .....	21
3.1.2 ALTERNATIV 2 FOR MN .....	23
3.2 HF/SV-FAKULTETET .....	25
UTKAST TIL NY MODELL FOR HF/SV – ALTERNATIVE	
MODELLAR .....	26
3.2.1 ALTERNATIV 1 FOR HF/SV .....	27
3.2.2 ALTERNATIV 2 FOR HF/SV .....	30
3.2.3 ALTERNATIV 3 FOR HF/SV .....	32
3.2.4 ALTERNATIV 4 FOR HF/SV .....	34
4. SPØRSMÅL TIL INNSPELS-RUNDEN .....	37
4.1 OVERORDNA MÅL.....	37
4.2 PRAKSISPERIODAR I STUDIELØPET .....	37
4.3 FORDELING AV PROFESJONSFAGEMNE .....	37

4.4 DISIPLINFAGLEGE EMNE .....	38
4.5 PLASSERING AV EX.PHIL. I FEMTE SEMESTER .....	38
4.6 FØRSTESEMESTEREMNE.....	39
4.7 FRIE STUDIEPOENG.....	39
4.8 MASTEROPPGÅVE.....	39
4.8 UTANLANDSOPPHALD .....	39
4.9 VAL AV MODELL.....	39

# 1. BAKGRUNN

---

## 1.1 Mål og innhald

Prosjektgruppa for redesign av lektorutdanninga ved UiB legg i denne rapporten fram utkast til ny modell for lektorutdanninga ved UiB.

Rapporten dannar utgangspunktet for ein skriftleg innspelsrunde blant aktuelle fagmiljø knytte til lektorutdanninga. Gjennom innspelsrunden er det ønske om å få både eit breiare og meir detaljert kunnskapsgrunnlag for val av modell for lektorutdanninga. Med eit slikt grunnlag vil prosjektgruppa og lektorsenteret i neste omgang kunne gi saksførelegg og tilråding om modellval og om det vidare arbeidet med redesign overfor styringsgruppa for lektorutdanning ved UiB.

Arbeidet med å redesigne lektorutdanninga ved UiB er initiert av styringsgruppa for lektorutdanning. Målet er å få ein lektorutdanningsmodell som kan gi ei betre innplassering av praksis, og som kan styrkje samanhengen mellom praksis og undervisninga i disiplinfag, fagdidaktikk og pedagogikk. Det er eit mål at UiB på den måten får eit meir heilskapleg studieløp med einskapleg praksis-avvikling, og at dei faglege, logistiske og organisatoriske problema knytte til det eksisterande studiedesignet, blir løyste. Prosjektgruppa sitt arbeid er basert på dei føringane som er gitt gjennom redesignprosessen.

Rapporten er delt i fire delar: Det blir først kort gjort greie for bakgrunnen for prosjektgruppa sitt arbeid, og om prosessen vidare. Deretter blir ein del sentrale rammevilkår drøfta, særleg knytt til praksisperiodar, profesjonsfag, profesjonssemester, disiplinfag, ex.phil. og masteroppgåva. I tredjedelen blir så utkast til modell for nytt studiedesign presentert. Til slutt kjem det ei rekkje konkrete spørsmål som prosjektgruppa og lektorsenteret ber om tilbakemelding på.

Prosjektgruppa gir ei tydeleg tilråding om korleis praksisdagar bør fordelast i studieløpet. Denne tilrådinga går inn som premisgrunnlag i drøftinga av korleis profesjonsemna skal fordelast, og for dei ulike modellutkasta som er med i rapporten.

For lektorutdanningsprogrammet ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet (heretter kalla MN eller MN-fakultetet) har prosjektgruppa to utkast til modell. For lektorutdanningsprogramma ved Det humanistiske fakultet (heretter kalla HF eller HF-fakultetet) og Det samfunnsvitskaplege fakultet (heretter kalla SV eller SV-fakultetet) er det fleire modellutkast. Her handlar skilnadene primært om plassering og omfang av disiplinfagemna, og om plassering av ex.phil. Alle utkasta tilfredsstillar dei krava som er stilte i forskrift om rammeplan for lektorutdanning for 8–13. I utarbeidinga av utkast er det teke omsyn til rammevilkår knytte til progresjon, fagsamansetjing, økonomi, logistikk og organisering – om enn på ulike måtar.

Prosjektgruppa vil understreke at det er modellen, dvs. strukturen for lektorutdanningsløpet, som skal handsamast i denne innspelsrunden, og tilnærminga ber preg av at prosessen framleis er open. Når ein modell etter kvart blir vedteken av styringsgruppa, vil prosjektgruppa ha grunnlag for å arbeide meir inngåande med programkart og med detaljspørsmål knytte til innhald og organisering.

Innspelsinstansane blir i denne omgang bedne om å ta utgangspunkt i spørsmåla som følgjer innspelsrapporten, og å gi skriftlege innspel på dei. For yttarlegare informasjon om prosessen vil gruppa vise til innspelsbrev og til lektorsenteret sine heimesider. *(Det er i denne versjonen av 28.10.2022 gjort nokre rettingar i høve versjonen av 25.10.2022 som var sendt ut på e-post. Det er ikkje gjort substansielle endringar.)*

---

## 1.2 Vedtaksgrunnlag

Vedtaksgrunnlaget for det arbeidet som dette dokumentet omhandler, er [vedtak](#) i styringsgruppa for lektorutdanning ved UiB 27. april 2021 ([sak 14/21](#)) om at det blir sett i gang ein prosess for å redesigne lektorutdanninga ved UiB. Det overordna målet skal i følgje dette vedtaket vere «å få til ei betre innplassering av praksis og å styrkje samanhengen mellom praksis og undervisninga i disiplinfg, fagdidaktikk og pedagogikk». Styringsgruppevedtaket er stadfesta av [universitetsstyret](#) gjennom sak om organisering av lektorutdanninga ved UiB 17. juni 2021 (sak 76/21). Der blir det vist til at det skal skje ein redesign-prosess i tråd med vedtak i styringsgruppa.

Styringsgruppa presiserer i sitt vedtak at redesignarbeidet skal leggje vekt på vurderingane i rapporten [Arbeidsgruppe – struktur og økonomi i lektorutdanninga](#), datert 13. september 2018, dvs. sluttrapporten til det såkalla Sejersted-utvalet. I denne rapporten er det formulert ti tilrådingar for å forbetre lektorutdanninga. Her kjem det inn ønske om bl.a. «mer formålstjenlig organisering av praksis i studieløpet», «studieløp med enhetlig praksisavvikling» og «bedret integrering av disiplinfg og profesjonsfag». Styringsgruppa gir nokre konkrete føringar når ein viser til denne rapporten:

«I Sejersted-utvalet sin rapport føreslår ein at praksisavviklinga ved dei ulike fakulteta følgjer same mønster, at talet på praksisvariantar vert redusert, at praksis kan inngå som del av emna i fagdidaktikk og pedagogikk og at det vert innført profesjonsfagleg semester. Visedekanane ved HF, MatNat, SV og Psyk.fak. er samde om at den vidare prosessen bør byggja på desse føresetnadane (...).»

Her er det altså føringar knytte til ønske om einskapleg praksisavvikling, reduksjon i talet på praksisvariantar, innføring av profesjonsfagleg semester og praksis som del av dei profesjonsfaglege emna (dvs. ikkje som eigne emne).

I styringsgruppesak 30/21 ([vedteken](#) 09.07.2021) blir professor Endre Brunstad beden om å leie arbeidet med redesign, med oppstart så snart som mogleg. I [saksgrunnlaget](#) for dette vedtaket føreset styringsgruppa at prosessen vil ta utgangspunkt i saksførelegg for sak 14/21 og tidlegare relevante rapportar, at prosessen involverer alle berørte einingar og miljø, at gjennomføringa skjer i samråd med UiB læringslab, og at programrådet blir halde løpande orientert.

I styringsgruppa sitt vedtak om redesign av 27.04.2021 er det lista opp sju kulepunkt som skal spesifisere arbeidet. Vi skal her kort gjennomgå og kommentere desse kulepunktta (som nedanfor er nummererte):

*1. Det blir sett i gang ein prosess for å redesigna lektorutdanninga ved UiB*

*2. Dei overordna måla må vera å få til ei betre innplassering av praksis og å styrkje samanhengen mellom praksis og undervisninga i disiplinfg, didaktikk og pedagogikk*

Dei to første punkta slår fast dei overordna måla med redesignprosessen, og at innplassering av praksisopplæringa står i fokus. Nemninga «betre innplassering av praksis» er i saksgrunnlaget til styringsgruppa knytt til problem ved logistikk, mangel på einskap, utydeleg struktur og forvirring blant ulike aktørar, og faglege implikasjonar av desse problema.

Det er presisert at praksisopplæringa skal sjåast i samheng med undervisninga i disiplinfg, og ikkje berre fagdidaktikk og pedagogikk. Det er vidare i sakspapira eit spesifikt ønske om å betre integrasjonen mellom disiplinfg og profesjonsfag.

*3. Redesignprosessen må organiserast slik at han føregår på eit overordna og felles nivå og på fakultetsnivået på éin og same gang og må ha ei klar forankring både sentralt og lokalt ved fakulteta, fagleg så vel som administrativt.*

Nemninga «forankring» er sentral – prosessen skal ha forankring i den komplekse organisasjonen som utgjør lektorutdanninga ved UiB. Å forankre ein slik prosess breitt, er fagleg og demokratisk verdifullt, og kan bidra til å fremje eigarskap og engasjement i lektorutdanninga ved UiB. Breitt anlagte prosessar er samtidig krevjande. Dei kan slite ut dei som involverer seg, og dei kan stå i motstrid til målet om effektiv gjennomføring. Her bidreg kulepunkta 4, 5 og 6 (jf. nedanfor) med ytterlegare føringar og presiseringar.

*4. Prosessen bør organiserast som eit prosjekt med ein utpeikt prosjektansvarleg som har dei naudsynte ressursane til å gjennomføra prosjektet*

*5. Prosjektansvarleg arbeider i nær tilknytning til lektorutdanningsprogramma og rapporterer til styringsgruppa*

*6. Prosjektet må organiserast i tilknytning til det pågåande arbeidet med å etablere eit lektorsenter på UiB, og sjåast i samanheng med dei faglege funksjonane som skal plasserast der – fagdirektør og fagleg praksiskoordinator.*

Desse formuleringane spesifiserer at redesignarbeidet skal organiserast som eit prosjekt med ein utpeikt prosjektansvarleg og at styringsgruppa for lektorutdanninga utgjør styringsgruppe for prosjektet. Det vil seie at det, slik prosjektgruppa ser det, er styringsgruppa for lektorutdanning som «eig» prosjektet og som tek endeleg stilling til sluttarbeidet, dvs. er vedtakorgan for redesignarbeidet. Såleis er det presisert at styringsgruppa skal bli orientert om arbeidet. Denne forståingsmåten er blitt formidla av prosjektleiaren i fleire samanhengar, bl.a på allmøte (12.11.2021), seminar, styringsgruppemøte, dekanmøte og møte i utdanningsutvalet ved UiB.

Det er gitt handlingsrom til den prosjektansvarlege om sjølv å organisere redesignprosessen som prosjekt, dvs. å opprette ulike grupper, arrangement og tiltak etter behov.

*7. Målet er at ein ny modell må vera klar til semesterstart 2022*

Det vart tidleg i prosessen klart at å innføre ein ny modell hausten 2022, var urealistisk å få til, og hausten 2023 kom inn som ny frist. I løpet av våren 2022 vart det formulert behov for ein lengre prosessperiode, primært etter innspel frå Det humanistiske fakultet og Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet. Det gjorde at styringsgruppa 7. april 2022 vedtok å forskyve implementering av ny modell til lektorutdanninga til hausten 2024. Såleis må kulepunkt nummer 7 justerast til følgjande formulering:

*Målet er at ein ny modell må vera klar til semesterstart 2024.*

For meir informasjon om framdriftsplanen til redesignprosessen vil vi vise til heimesidene til lektorsenteret.

## 1.3 Prosjektorganisasjon

Professor Endre Brunstad vart frå og med hausten 2021 engasjert som prosjektansvarleg for redesignarbeidet, samtidig som han vart konstituert leiar for etableringa av lektorsenteret ved UiB. Hausten 2021 kom det fagleg bistand frå UiB Læringslab ved førsteamanuensis Cecilie Boge og administrativ støtte frå studieavdelinga ved rådgivar Iren Igesund. Våren 2022 vart leiar for programrådet for lektorutdanning, førsteamanuensis Hans Marius Hansteen, kopla tettare på prosessen. Seinare på våren 2022 kom den nyttilsette seksjonssjefen for lektorsenteret, Ranveig Lote, inn.

Programrådet for lektorutdanning fekk hausten 2021 i oppgåve å vere referansegruppe for prosjektet, dvs. å gi innspel på innhald, framlegg og form på prosessen. Programrådet hadde redesignarbeidet som sak på møtene sine. Parallelt vart det arrangert ulike orienteringsmøte og seminar der fokuset var på informasjon og innspel i den vidare prosessen.

Sidan programrådet sin funksjonsperiode gjekk ut våren 2022, var det naturleg å justere prosjektorganiseringa. Prosjektet hadde på den tida kome forbi den generelle informasjon- og innspelfasen, og det var behov for ei gruppe med eit tydelegare mandat og ei meir aktiv rolle i prosessen. Å utarbeide vedtaksgrunnlag for modell og programkart vil, saman med arbeidet med læringsutbyttebeskrivingar, vere viktige arbeidsoppgåver for ei *prosjektgruppe*.

## 1.4 Prosjektgruppa

Prosjektgruppa for redesignprosjektet er samansett på følgjande måte:

- Prosjektleiar: Endre Brunstad, professor, lektorsenteret
- Jorun Nyléhn, førsteamanuensis, MN-fakultetet
- Marianne Jensen, seniorkonsulent, MN-fakultetet
- Sigrid Ørevik, førsteamanuensis, IF
- Frode Helmich Pedersen, professor, LLE
- Sissel Undheim, professor, AHKR
- Katharina Sass, førsteamanuensis, Sosiologisk institutt
- Lars Petter Torjussen, førsteamanuensis, Iped
- Cecilie Boge, førsteamanuensis, UiB Læringslab
- Sigrid Thorsen Baarnes, studentrepresentant, FIL (lektorprogrammet i nordisk)
- Katrine Aske, studentrepresentant, FIL (lektorprogrammet ved MN)

I denne gruppa er det representasjon frå kvart av dei fem lektorprogramma, i tillegg er det representasjon frå det pedagogiske miljøet, frå UiB Læringslab og frå studentane (FIL). Det har vore settevara ved nokre møte: førsteamanuensis Liv Eide (Iped) for Lars Petter Torjussen, universitetslektor Mona Langø (Sosiologisk institutt) for Katharina Sass, professor Marie von der Lippe for Sissel Undheim og Didrik Aamold (FIL) for Katrine Aske. Ranveig Lote (lektorsenteret) og Iren Igesund (Studieavdelinga) utgjer sekretariat for prosjektgruppa.

Det første tentative møtet i prosjektgruppa var 27. juni 2022. På møtet 31. august 2022 vart gruppa fulltalig og fekk følgjande mandat:

*Prosjektgruppa for redesign av lektorutdanninga ved UiB skal utarbeide framlegg til modell for lektorutdanninga, og bidra i arbeidet med programkart og læringsutbyttebeskrivingar for lektorutdanninga.*

*Arbeidet til prosjektgruppa skal følgje opp styringsgruppa sitt vedtak 27.04.2021 om redesign (sak 14/21), der dei overordna måla er «å få til ei betre innplassering av praksis og å styrkja samanhengen mellom praksis og undervisinga i disiplinfag, didaktikk og pedagogikk». Arbeidet skal vidare byggje på universitetsstyret sitt vedtak om organisering av lektorutdanninga ved UiB, datert 17. 06 2021, og UiB-rapporten [Arbeidsgruppe – struktur og økonomi i lektorutdanninga](#), datert 13.09.2018.*

*Føringar for arbeidet:*

- lektorutdanninga med fem ulike program skal ha eit heilskapleg studieløp med mest mogleg einskapleg form
  - lektorutdanninga skal ha ei einskapleg praksisavvikling
  - talet på praksisvariantar blir redusert
-

- *praksis kan inngå som ein del av emna i fagdidaktikk og pedagogikk*
- *det blir innført profesjonsfagleg semester*

*Det er underforstått at framlegg frå prosjektgruppa er i samsvar med rammeplan for lektorutdanning 8–13.*

*Prosjektgruppa skal:*

- *utarbeide framlegg til modell for lektorutdanninga*
- *leggje til rette for konsekvensutgreiing av alternative modellar undervegs i arbeidet*
- *føreslå programkart for lektorprogramma*
- *koordinere innspel frå ulike miljø*
- *bidra i arbeidet med læringsutbyttebeskrivingar og kjenneteikn på læringsutbytte*

*Prosjektgruppa blir leidd av prosjektleiaren for redesignprosjektet, som rapporterer til styringsgruppa for lektorutdanning. Prosjektgruppa får administrativ støtte frå lektorsenteret og SA.*

*Tidsfrist for forslag til modell for lektorutdanninga (som skal ut på høyring 24.10.2022): 17.10.22.*

*Tidsperiode for arbeidet: 01.08.22 til 31.07.2023.*

Prosjektgruppa er innforstått med at ein hausten 2022 fokuserer på dei to første kulepunkta knytt til arbeidet med modell for lektorutdanninga. Våren 2023 er planen at prosjektgruppa skal fokusere på dei neste kulepunkta, nemleg programkart og innhaldet i utdanninga.

Prosjektgruppa har til no hatt følgjande møte:

- 27. juni: Orientering om prosessen
- 31. august: Mandat for gruppa, kunnskapsgrunnlag, integrasjonsomgrepet, prosessen vidare
- 14. september: Fokus på praksisavvikling med identifikasjon av vilkår for kollisjonsfri praksis.
- 28. september: Fokus på innplassering av praksis, profesjonsfag og disiplin fag. Omfanget av masteroppgåva. Variablar.
- 17. oktober: Fokus på modellar.
- 21. oktober: Fokus på tekst til innspelsrunden.

Det har i tillegg vore kommunikasjon på e-post, telefon og fysiske møte med einskildmedlemer når det har oppstått spørsmål eller behov for avklaringar. Samarbeidet i gruppa har vore godt. Det har vore konstruktive møte med tilfredsstillande framdrift.



## 2. SENTRALE RAMMEVILKÅR

### 2.1 Praksis

Praksisopplæringa i lektorutdanninga skal i følge rammeplanen ha eit omfang på minst 100 dagar fordelt over minst fire av fem studieår. I tillegg skal praksis ha spesifikke kvalitetar – det skal vere progresjon i praksisperiodane, praksisopplæringa skal vere rettleidd, variert og vurdert, og studentane skal ha praksis både i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. I dagens modell har UiB følgjande innplassering av praksis i lektorutdanninga:

	Kortpraksis	Kortpraksis	Kortpraksis	Langpraksis	Langpraksis
Semester	1	3	5	7	8
Haust/vår	H	H	H	H	V
HF/SV	12 dagar	8 dagar	12 dagar	28 dagar	40 dagar
MN	7 dagar	7 dagar	7 dagar	49 dagar (8 kampus- dagar)	30 dagar

Vi har her fem praksisperiodar der dei tre første utgjer kortpraksis, medan dei to siste utgjer langpraksis. Som vi ser, er det ulikskapar i fordelinga av praksisdagar mellom fakulteta, både når det gjeld kortpraksis og langpraksis. Denne ulikskapen har skapt forvirring i skulane og blant studentar og tilsette ved UiB. Det er ei uttrykt forventning om at UiB gjennom redesignprosessen skal få ei praksisavviklinga som følgjer eit felles mønster, uavhengig av fakultet. Prosjektgruppa har difor som mål å få ei felles praksisavvikling.

Prosjektgruppa ønskjer vidare færre praksisperiodar, både for å skape konsentrasjon og for å minske kollisjonsfaren. Ønsket byggjer bl.a. på ei tydeleg tilråding frå praksisutvalet (sak 03/22). Prosjektgruppa går inn for fire praksisperiodar.

I fordelinga av praksisperiodar vil prosjektgruppa halde på ordninga med kortpraksis og langpraksis, meir spesifikt gjennom to kortpraksisperiodar først i studiet og to lengre praksisperiodar noko seinare i studiet. For langpraksis vil gruppa følgje det eksisterande opplegget med å ha ein praksisperiode i ungdomsskulen og ein praksisperiode i vidaregåande skule. For å koordinere med eittårig PPU, er det behov for at den eine langpraksisperioden blir i eit haustsemester og den andre i eit vårsemester. I dag er langpraksisperiodane i 7. og 8. semester, men den fordelinga kan ein ikkje halde på, pga. rammeplankravet om praksis i minst fire av fem år. Sidan ein er avhengig av å ha den første langpraksisperioden om hausten og den andre om våren, peikar 5. og 8. semester seg ut som langpraksissemester.

Det har vore litt ulike syn på lengde og plassering av kortpraksisperiodane. HF har ønskt lengre kortpraksisperiodar, MN har ønskt kortare. Etter ei samla vurdering har prosjektgruppa gått inn for følgjande deling av praksisdagar, både for kortpraksis og langpraksis, felles for MN, HF og SV:

	Kortpraksis	Kortpraksis	Langpraksis	Langpraksis
Semester	1. sem.	3. sem.	5. sem.	8. sem.
H/V	H	H	H	V
Dagar	10 dagar	10 dagar	35 dagar	35 dagar

I tillegg går prosjektgruppa inn for 10 dagar *kampusbasert praksis*, slik at ein samla sett får 100 dagar praksis. Kampusbasert praksis inkluderer bl.a. dagens ordning med temaseminar. Det blir foreslått at dei kampusbaserte dagane kan plasserast i 2., 4. og 6. semester, t.d. i starten av semestera. Slike dagar kan òg fungere som fagleg-sosiale møtestader for lektorstudentane undervegs i studiet. Det ser prosjektgruppa som ein viktig tilleggsverdi for å fremje lektoridentitet og kullkjensle. Detaljane når det gjeld innhald og tidspunkt i desse kampusbaserte praksisdagane, vil prosjektgruppa arbeide vidare med våren 2023, dvs. etter at modellen er vedteken.

### *Emneansvaret for praksis*

UiB har i dag eigne emnebeskrivingar for praksis. Sejersted-utvalet opnar for at praksisemna i staden kan bli knytte til profesjonsfag, slik tilfellet er ved lektorutdanningsprogramma ved dei fleste andre institusjonar. Prosjektgruppa har vurdert spørsmålet, og kome fram til at det vil vere føremålstenleg å skilje mellom kortpraksis og langpraksis her. Gruppa vil gi emneansvar for kortpraksis til profesjonsemna, dvs. til pedagogikk i 1. semester og til fagdidaktikk/lektortilpassa emne i 3. semester. Ansvar for førearbeid og etterarbeid til kortpraksis vil dermed vere knytt til desse emna. Derimot ønskjer prosjektgruppa ei meir felles ansvarsfordeling for langpraksis. Difor foreslår prosjektgruppa at det blir oppretta eigne emnebeskrivingar for langpraksisperiodane, og at lektorsenteret har emneansvar for desse praksisemna.

## 2.2 Profesjonsfag

Rammeplan gir føringar på at lektorutdanninga skal ha minst 60 studiepoeng profesjonsfag, fordelt på minst 30 studiepoeng pedagogikk og minst 30 studiepoeng fagdidaktikk. Profesjonsfaget skal vere på både lågare og høgare nivå.

Prosjektgruppa har som utgangspunkt at det berre skal vere profesjonsfag i semester med praksis, og at alle semester med praksis skal ha profesjonsfag. Med bakgrunn i bl.a. student-evalueringar vil prosjektgruppa unngå små profesjonsemne på fem studiepoeng, som ein har fleire av i dag. Difor blir norma profesjonsemne på 10 studiepoeng.

Prosjektgruppa registrerer at det i lektorutdanningsmiljøet ikkje er uttrykt støtte for eit felles profesjonsemne (som ein har i lektorutdanningsprogram ved fleire andre universitet). Difor vil gruppa halde på oppdelinga av fagdidaktikk og pedagogikk i eigne emne. Samtidig merkar gruppa seg synspunkt frå NOKUTs evalueringsrapport om at UiBs lektorutdanning «mangler en omforent beskrivelse av det som kan utgjøre det felles profesjonsfaglige fundamentet i utdanningen» (NOKUT, 2022, s. 185). Det blir vidare påpeikt at koplinga mellom fagdidaktikk, pedagogikk, disiplinfag og praksis er for svake. Desse aspekta vil det vere føremålstenleg at prosjektgruppa går nærmare inn på i løpet av vårsemesteret 2023 når programkartet skal teiknast.

Ved HF/SV er det eit skarpere skilje mellom fag I og fag II enn tilfellet er ved MN-fakultetet. Ved HF/SV blir det føreslått å vidareføre skiljet mellom 20 studiepoeng i fagdidaktikk for fag I og 10 studiepoeng i fagdidaktikk for fag II. (*I første versjon av rapporten som vart sendt 25.10.22 var fagdidaktikk I og fagdidaktikk II bytta om. Dette er retta her*). Grunngevinga er bl.a. at studentane skal ha grunnlag for å skrive fagdidaktisk masteroppgåve i fag I, og at fagdidaktikarar i fag I på den måten vil få betre grunnlag for å fremje koplingar mellom fagdidaktikk og disiplinfag.

Ved MN-fakultetet blir det fagleg og organisatorisk problematisk med eit så tydeleg skilje mellom fagdidaktikk i fag I og fag II, også pga. koplinga til undervisninga i PPU. Her blir det føreslått at ein har 20 studiepoeng fagdidaktikk i det 8. semester og eit lektortilpassa emne på 10 studiepoeng i 3. semester. Det sistnemnde emnet er tenkt som fellesemne for alle lektorstudentar ved MN, og det skal ta opp overordna, tverrfaglege spørsmål knytte til lektorstudiet ved MN, samtidig som det skal ha emneansvar for kortpraksis dette semesteret. Detaljane for dette emnet blir klarlagt våren 2023.

Prosjektgruppa vil gå inn for følgjande fordeling av praksisdagar og profesjonsemne i ein redesigna modell for lektorutdanninga ved UiB for MN, HF og SV (her inne med praksisdagar):

Semester	Profesjonsemne for MN	Profesjonsemne for HF og SV	Praksisdagar for MN, HF og SV
8. sem (vår)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> <li>• 20 stp. fagdidaktikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> <li>• 10 stp. fagdidaktikk (fag I)</li> </ul>	35 dagar
5. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> <li>• 10 stp. fagdidaktikk /lektortilpassa emne</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> <li>• 10 stp. fagdidaktikk (fag II)</li> </ul>	35 dagar
3. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. fagdidaktikk /lektortilpassa emne</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. fagdidaktikk (fag I)</li> </ul>	10 dagar
1. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> </ul>	10 dagar

*Framlegg til ny modell for lektorutdanning. I tillegg til praksisdagane som er opplista her, kjem kampusbaserte praksisdagar (10 dagar) t.d. i starten av 2., 4. og 6. semester.*

Prosjektgruppa meiner at framlegget til ny modell for fordeling av profesjonsfag og praksisdagar vil bidra sterkt til å fremje hovudmåla med redesignprosjektet.

I framlegget er det gjort eit skilje mellom HF/SV og MN i 3. og 8. semester. Ein kan tenkje seg at HF/SV hadde ei tilsvarande emnefordeling. I så fall vil HF/SV (som MN) ta 10 stp. av dei *frie studiepoenga* (etter rammeplanen) og bruke dei på eit lektortilpassa emne. «Frie studiepoeng» i rammeplanen for lektorutdanninga tyder noko anna enn frie studiepoeng i ordinære studieprogram ved UiB. Rammeplanen definerer minstekrav for talet på studiepoeng i fag I (160 stp.) og fag II (60 stp.) og profesjonsfag (60 sp). Dei siste 20 studiepoenga er «frie», dvs. at institusjonen sjølv vel korleis desse

skal brukast. Ein konsekvens av å eventuelt bruke 10 stp. av dei frie studiepoenga som lektortilpassa emne vil vere at det 8. semester blir gjort til eit profesjonssemester. Samtidig er det i modellutkasta opna for ei anna løysing, nemleg at ein plasserer 10 frie studiepoeng i 8. semester for HF/SV (og held på den skisserte fordelinga av fagdidaktikkemne). Resultatet vil då uansett bli eit praksistilpassa semester i 8. semester. I innspelsrunden blir det invitert til å ta stilling til slike spørsmål.

Ei ulempe ved fordelinga av fagdidaktikkemne slik det blir skissert ovanfor for HF/SV, er at fagdidaktikk i fag I og fag II berre får kvart sitt langpraksissemester. Dermed får studentane ikkje møte fagdidaktikk i fag I i langpraksissemesteret med fokus på ungdomsskolen (5. semester), medan studentane ikkje får møte fagdidaktikk i fag II i langpraksissemesteret med fokus på vidaregåande (8. semester). For å mildne uheldige verknader av ei ordning som samla sett framstår som fornuftig, vil det vere rimeleg å få inn obligatorisk møtepunkt for fagdidaktikk i fag I i 5. semester og for fagdidaktikk i fag II i 8. semester, med fokus på læreplanmål og skuleslag. Slike møtepunkt kan kome i stand på ulike måtar, t.d. gjennom emnebeskrivingane for fagdidaktikkemna (t.d. med læringsutbytemål og obligatorisk aktivitet) eller i emnebeskrivingane for praksisemna. Detaljane i dette vil prosjektgruppa gå nærmare inn på gjennom programkartarbeidet våren 2023.

## 2.3 Disiplinfag

Rammeplanen gir minstekrav til omfang av studiepoeng i disiplinfag: minst 160 studiepoeng i fag I og minst 60 studiepoeng i fag II. Bacheloroppgåve i det tredje studieåret kan inngå i både fag I og fag II, medan masteroppgåva inngår i fag I. Som integrert emne skil ikkje lektorutdanninga mellom 100-nivå og 200-nivå, men skil mellom lågare nivå (60% av studiet) og høgare nivå (40% av studiet). Det er presisert at fag I (samen med profesjonsfaget) skal bestå av studium på både lågare og høgare grad. I følgje [nasjonale retningslinjer](#) for lektorutdanning (s. 10) kan ex.phil. inngå som del av fag I i lektorutdanninga.

Fag I og fag II representerer disiplinfaga i lektorutdanninga. Disiplinfaga er knytte til sine skulefag, men har samtidig tradisjonar, profil og innhald som går vidare enn skulefaga. Såleis vil ein finne element i disiplinfaga som ein ikkje utan vidare finn i skulefaga, og ulike element kan bli ulikt vektlagde i skulefag og disiplinfag.

Disiplinfaglege emne utgjør mesteparten av emneporteføljen i lektorutdanninga for kvar student, og det bidreg til fagleg kvalitet og styrke at denne emneundervisninga blir gjort av dei disiplinfaglege miljøa. Samtidig melder det seg nokre utfordringar. Innhaldet i dei disiplinfaglege emna er primært retta mot disiplinfaglege program, og ikkje mot lektorutdanninga, og det same er tilfellet med samanhengen og progresjonen mellom disiplinfagemna på 100-nivå.

Ei utfordring er knytt til omfanget på disiplinfagemna. Sidan lektorutdanninga har praksis og profesjonsfag undervegs i studiet, viser det seg å vere vanskeleg å tilpasse seg konsekvent 15 studiepoeng-strukturen ved fleire av disiplinfaga ved HF og SV. Det er bakgrunnen for at ein har oppretta såkalla L-emne, dvs. at lektorstudentane tek emne på 10 studiepoeng, medan undervisninga i emna dei følgjer primært er lagt opp til at emnet er på 15 studiepoeng. Erfaringane med slike emne er varierende. Det er frå nokre disiplinfaglege miljø rapportert om at emna fungerer tilfredsstillande. Den generelle tilbakemeldinga i studentevalueringar er likevel kritisk. Det blir vist til at arbeidsmengden reelt sett er større enn 10 studiepoeng, at det tematisk er vanskeleg å redusere emna. I ein studentinitiert rapport (Bedsvaag og Svendsen, 2021) blir det rapportert om at fleire studentar tek 15-studiepoengsemnet i staden for L-emnet. Fleire fagleg tilsette har dessutan rapportert at dei er usikre på korleis dei skal leggje til rette for L-emne. Det generelle inntrykket er at det her er strukturelle utfordringar som samla sett er problematiske. Den mest konsekvente løysinga vil vere å leggje om alle emna som inngår i lektorutdanninga til emne på 10 studiepoeng. Ei meir moderat løysing, innanfor dei eksisterande rammevilkåra, vil vere å innføre eit utval eigne disiplinfaglege emne

på 10 studiepoeng for lektorstudentar, I Sejersted-rapporten føreslår ein at dette bør skje i eit visst omfang, og at dei aktuelle emna får ei spesifikk innretning mot lektorstudentar slik at dei blir tilpassa lektorprogrammet fagleg og organisatoriske. Det er altså ikkje tale om å «reduere» emne på 15 studiepoeng, men om å tenkje ut emna på nytt. Desse emna bør, understrekar Sejersted-utvalet, òg vere opne for studentar utanfor lektorutdanninga.

Prosjektgruppa støttar resonnementet til Sejersted-utvalet. I dei tilfella der ein ikkje får til emne som følgjer den etablerte disiplindefinisjonen, bør det bli gitt lektorstilpassa emne som er opne for disiplindefinisjonsstudentar. I innspelsrunden blir instansane inviterte til å gi innspel til korleis det kan løysast, i dei tilfelle det vil vere eit aktuelt spørsmål.

Den mest sentrale utfordringa i modellarbeidet handlar om kvar disiplindefinisjons emne skal plasserast i eit studieløp der profesjonsfag og praksis kjem undervegs i studiet. Dagens modell for lektorutdanninga skal ta vare på behovet for disiplindefinisjons progresjon samtidig som ein skal unngå dublering av undervisning. Dagens modell har derimot dei konsekvensane at oppstår kollisjonar mellom undervisninga i disiplindefinisjons emne og praksis. Å unngå disiplindefinisjons emne i praksissemester vil ikkje vere råd, sidan det er praksis i fire semester (dvs. 120 studiepoeng, medan profesjonssemester dekkjer 60 studiepoeng). Oppdraget er at kombinasjonen av disiplindefinisjons fag og praksis må gjerast på ein annan måte enn kva tilfellet er i dag.

I framlegg til modellar er det underforstått at 5. og 8. semester blir langpraksissemester, og her kjem det òg inn mest praksisemne (i tillegg til ex.phil.) for å få mest mogleg tilpassing til praksis. Dette får i sin tur konsekvensar for progresjonen i disiplindefinisjons emna. Særleg utfordrande blir det ved fordelinga av disiplindefinisjons emne i fag II ved HF/SV på til saman minst 60 studiepoeng. Avhengig av kva modellalternativ ein vel, vil ein her kunne få behov for dublering av undervisning, ut frå den emneporteføljen som definerer disiplindefinisjons faga i dag.

Ei løysing som blir skissert i fleire alternativ for HF/SV er emne i fag I og fag II i same semester. Fordelen ved det vil bl.a. vere ein kan redusere dubleringsbehovet. Ulempa er det oppstår behov for koordineringsarbeid som er så omfattande at det kan vere vanskelege å handtere praktisk: Studentane ved HF/SV kan i dag velje mellom historie, religionsvitenskap, engelsk, nordisk, engelsk, fransk, tysk, spansk og sosiologi. Det utgjer over 20 ulike kombinasjonsmuligheter. Dei emna som då inngår i kollisjonsmatrisene for lektorutdanninga inngår også i kollisjonsmatrisene for disiplindefinisjons faga og eventuelle andre program dei går inn i. Då må ein gå gjennom manuelt kvart kull, identifisere valkombinasjonar og deretter kollisjonssikre desse kombinasjonane. Ein må òg manuelt kontrollere timeplanar og gjere manuelle tilpassingar av timeplanane, evt. for kvar einskild student. Slike manuelle tilpassingar gir òg risiko for feil, og føreset fleire administrative ressursar.

Noko som kan modifisere slike problem er for det første at studentane alt har valt fag II. Med emne eller innføringsemne i fag II i første semester, vil eit slikt val vere gjort. Det er òg ein del andre tekniske spørsmål knytt til emne-fleksibilitet som kan påverke gjennomføringa. Generelt ser likevel kombinasjonen av fag I og fag II vanskeleg ut. I det vidare arbeidet må det gjerast fleire analysar av spørsmålet, og ein må ta omsyn til dei studieadministrative aspekta.

Problemstillingane ved innplassering av disiplindefinisjons fag i lektorutdanninga er fleire. Prosjektgruppa finn det føremålstenleg å beskrive dei mest sentrale utfordringane når ein kommenterer kvart einskild modellframlegg.

## 2.4 Plassering av ex.phil.

Sidan lektorutdanninga er så kompleks og har stor trengsel mellom emne og praksis, må alle element i utdanninga sjåast nøye i samanheng med kvarandre. Det gjer òg at plasseringa av ex.phil. (examen philosophicum) i studieløpet kjem opp som aktuelt spørsmål.

Tradisjonelt var ex.phil. ved UiB og andre universitet plassert i første semester som del av førstesemesterstudiet. I løpet av dei seinare åra har fleire universitet flytta ex.phil. til semester seinare i studieløpet. Ved UiB har ein gjort det ved tre fakultet: MN-fakultetet, Det psykologiske fakultet og Det juridiske fakultet. I lektorutdanninga har vi dermed fått ein ulikskap mellom HF/SV-fakultetet der ex.phil. framleis er i 1. semester og MN-fakultetet der ex.phil. er i sjette semester.

Når ex.phil. er eit førstesemesterstudium skal det gi ei innføring i universitet sine tenkjemåtar, og gi perspektiv på akademisk kultur og danning, og på sentrale spørsmål i vitskapen. Her høyrer det òg med at ex.phil. bidreg til å danne ein felles akademisk kultur ved UiB, på tvers av ulike fag. I tillegg har ex.phil. hatt funksjonar med å bidra til sosialisering i studentlivet generelt, særleg gjennom seminar-modellen.

I dei tilfella der ex.phil. er plassert seinare i studiet, slik tilfellet er for lektorstudentane ved MN-fakultetet, skal ex.phil. gi filosofiske perspektiv på fag og fagkompetanse, som studentane så skal kunne nytte på ein kritisk og analytisk måte i ulike samanhengar. Fordi studentane dreg med seg den fagkunnskapen dei har tileigna seg, vil ein få eit anna læringsutbytte enn det eit førstesemesterstudium vil gi.

Fleirtalet i prosjektgruppa ønskjer at ex.phil. blir plassert i femte semester i lektorutdanninga. Dette fleirtalet består av alle medlemmer i gruppa med unntak av medlemmen frå lektorprogrammet i nordisk. Medlemmen frå nordisk ønskjer at ex.phil. blir plassert i første semester for HF/SV.

Det er fleire prinsipielle spørsmål som reiser seg ved ei eventuell flytting av ex.phil. frå første semester. Desse handlar om ein lang tradisjon der ex.phil. har hatt ei overordna rolle som innførings-emne i akademisk tenkjemåte, og at det difor er logisk å ha dette emnet tidleg i studiet.

Samtidig vil fleirtalet i prosjektgruppa påpeike at ex.phil. ikkje spelar den same rolla i dag som tidlegare. Det er ikkje berre fleire fakultet ved UiB som har ex.phil. seinare i studieløpet, men andre breiddeuniversitet har gjort det same. For lektorutdanninga har ein ved NTNU ex.phil. i 6. semester, ved Universitetet i Oslo i 4., 5. eller 6. semester, ved Universitetet i Tromsø i 2., 4. eller 6. semester (ulike fagval), ved Universitetet i Agder i 6. semester. Det er i dag *uvanleg* å ha ex.phil. i første semester. Det betyr ikkje at HF og SV generelt bør flytte på ex.phil., men fleirtalet i prosjektgruppa vil hevde at lektorutdanninga kjem i eit særstilling pga. kompleksiteten i programmet, og at elementa i studiet må sjåast i samanheng med kvarandre på ein heilt annan måte enn tilfellet er ved andre program. I lektorutdanninga er det dessutan andre tverrfaglege fellesemne og fellespunkt for studentane, og pedagogikkemnet i førstesemester har ein seminarmodell. Fleirtalet i prosjektgruppa vil meine at ei flytting av ex.phil. ikkje betyr at ein skal underminere ex.phil. eller gjere ex.phil. meir instrumentelt. Det er ein føresetnad at det faglege ansvaret framleis ligg hos det fagfilosofiske miljøet ved FOF.

Lektorstudentane utgjer i dag ei såpass stor gruppe, at det er mogleg å få tilrettelagt eit opplegg spesifikt for denne gruppa, bl.a. for å få praksistilpassa undervisning. Det er på same tid eit poeng at gruppa med lektorstudentar er tverrfagleg og tverrfakultært samansett. Det kan gi grunnlag for tverrfaglege filosofiske spørsmål, i tillegg til at ein får samlingspunkt på tvers av fakultet og fag.

At fleirtalet i prosjektgruppa føreslår å plassere ex.phil. i femte semester, skuldast at det er eit semester med langpraksis, og at emnet kan bidra til å praksistilpasse semesteret. I tillegg er det

---

faglege grunnar fordi studentane på dette stadiet har grunnlag for filosofiske samtalar på bakgrunn av fagkunnskapen sin, samtidig som dei tileignar seg innsikt som dei kan bruke seinare i studiet.

## 2.5 Innføringsemne i første semester

UiBs gjeldande [studieforskrift](#) slår fast at integrerte mastergradar *kan* ha inntil 20 studiepoeng med innføringsemne i grunnlaget for graden, i tillegg til ex.phil. Det gamle felles kravet om examen facultatum er fjerna.

HF har likevel framleis eit [krav](#) om at graden må innehalde examen facultatum i sine utfyllande reglar. Det inneber at ein integrert mastergrad (her: lektorprogram) frå HF skal innehalde anten akademisk skrivning eller språkkunnskap. I tillegg kan ein ha andre innføringsemne som er omtala i studieplanen. Det er likevel berre to av HF sine lektorprogram som reint faktisk har krav om ex.fac., nemleg lektorprogramma i nordisk og i framandspråk som begge har *språkkunnskap* som obligatorisk innføringsemne. Ved lektorprogrammet i historie/religion kan ein ta ex.fac., men ein kan òg ta innføringsemne i disiplinlag i staden. I lektorprogrammet i sosiologi har ein obligatorisk innføringsemne i disiplinlaget.

I framlegget til ny studieforskrift for UiB, som for tida er ute på [høyring](#), er kravet om innføringsemne fjerna. Dersom denne forskrifta blir vedteken er det altså opp til det einskilde fakultetet og/eller programmet om det skal vere krav om innføringsemne.

Fleire av modellane for HF/SV føreset at dagens modell med innføringsemne i språkkunnskap blir erstatta av eit disiplinlagleg emne eller innføringsemne på 100-nivå. Dersom ein òg flyttar ex.phil. frå første semester, vil det bli ledig rom for to disiplinlaglege emne eller innføringsemne i første semester, eitt for fag I og eitt for fag II. Det vil i sin tur føresetje at studentane tidleg bestemmer seg for kva som skal utgjere fag II i studiet.

Innspelsinstansane blir bedne om å gi tilbakemelding på om eit disiplinlagleg innføringsemne eller ordinært emne på første semester vil gi dei nødvendige førkunnskapane som ein tidlegare har fått gjennom ex.fac.

## 2.6 Frie studiepoeng

Rammeplanen spesifiserer at det er 20 frie studiepoeng i lektorprogramma (jf. pkt. 2.2 ovanfor). Desse er 'frie' på den måten at kvar institusjon sjølv kan fordele inntil 20 studiepoeng på eitt eller fleire av dei tre faga, dvs. fag I, fag II eller profesjonsfaget (pedagogikk og fagdidaktikk). Ved MN har ein i dag fordelt 10 av studiepoenga til fagdidaktikk og 10 studiepoeng til disiplinfaga. Ved SV er alle dei 20 studiepoenga i dag fordelt til fag I, tilsvarande er gjort òg ved HF.

Ut frå rammeplanen er det eit handlingsrom for å etablere valfrie emne innanfor dei 20 frie studiepoenga, t.d. emne som går på tvers av program og som kan tilretteleggjast for å unngå praksiskollisjonar. I prosjektgruppa er det nemnt emne i *literacy* som eksempel på eventuelt felles-emne ved HF-fakultetet. (Ved NTNU har ein innført eit literacy-emne i lektorutdanninga for nordisk.) Ein kan òg gå inn for meir dannelsorienterte fellesemne, eventuelt emne om grunnleggjande ferdigheiter som t.d. skrivning eller munnlege ferdigheiter. Fordelen ved slike emne handlar bl.a. om at ein kan praksistilpasse eit semester. Så blir samtidig konsekvensen mindre disiplinlag.

Prosjektgruppa vil be om både prinsipielle og konkrete tilbakemeldingar frå innspelsinstansane om bruken av frie studiepoeng i lektorprogramma.

---

## 2.7 Masteroppgåva

HF og SV har i dag masteroppgåve normert til 60 studiepoeng, medan MN har masteroppgåve normert til 30 stp. Det er ved MN mogleg å ta masteroppgåve på 60 studiepoeng dersom ein føyer til eitt semester, dvs. nyttar 5,5 år i staden for 5 år.

Nasjonalt er det variasjon i storleiken på masteroppgåver i lektorutdanninga: 30 studiepoeng, 45 studiepoeng, 50 studiepoeng og 60 studiepoeng. I tillegg er det variasjon i bruken av metode- og prosjektførebuande kurs for masteroppgåvearbeidet. Ved NTNU har ein masteroppgåve på 30 studiepoeng, men har òg ei ordning med emnespesialisering og prøvoførelesing som er knytt såpass tett til masteroppgåva at ein kan argumentere for at det samla gir eit omfang som langt på veg svarar til 60 stp. Det er vidare ikkje uvanleg at i dei tilfella masteroppgåva er på 30 studiepoeng, blir masteroppgåvearbeidet og studiepoenga fordelt på to semester.

Ved HF og SV er det tradisjon for masteroppgåver på 60 studiepoeng. Argumentasjonen er fagleg – at studentane får ei fagleg fordjuping og modning, som i sin tur utgjer både eit særmerke og ein komparativ fordel for UiB. I prosjektgruppa viser fleire til at deira fagmiljø vil halde på masteroppgåve på 60 studiepoeng. Det har likevel blitt formidla alternativ om oppgåver med omfang på både 30 og 45 studiepoeng. Ein motivasjon er her at studentane skal få eit betre teoretisk og metodisk grunnlag for masteroppgåvearbeidet sitt, fordi dei ikkje har like stor disiplin-fagleg ballast som studentar på disiplin-faglege studieprogram.

Jon Magne Vestøl skriv i programsensorrapport i 2018 om storleiken på masteroppgåva i lektorutdanninga ved HF-fakultetet:

*Det finst argument for å redusere storleiken på masteroppgåva frå 60 studiepoeng. Det kan handle om å justere seg inn mot ein felles norm, på UiB eller også nasjonalt. Eit argument for redusert oppgåvestorleik er også at det gjev eit noko større tilfang av studieemne på masternivå med og dermed kan bidra til å styrke kunnskapsbreidda eller -djupna til studentane på høgt nivå.*

*Argumenta for å halde på ei 60 studiepoengs oppgåve er først og fremst fagleg. Det handlar om fagleg fordjuping, det handlar om å vidareføre respekten for den faglege kvaliteten ved lektorprogramma i fagmiljøa og det handlar også om å gi tilstrekkeleg rom for mogning i den prosessen det er å skrive fram ei vitenskapleg oppgåve innanfor humanistiske fagtradisjonar. Det er så langt eg har forstått ganske brei støtte frå fagleg hald på lektorprogramma for å oppretthalde ordninga med 60 stp oppgåve og det verkar heller ikkje vere noko eintydig oppfatning blant studentane om å gjere noko endring her.*

*Mi vurdering er at ei 60 studiepoengs oppgåve harmonerer med UiBs profil om fagleg fordjuping. At det er skilnader mellom lektorprogramma ved MatNat og HF her er eit uttrykk for ulike fagtradisjonar.*

Vestøl er samtidig merksam på utfordringar med å finne plass til prosjektutvikling og metodeførebuing når masteroppgåvene er på 60 studiepoeng:

*Samstundes meiner eg det er grunn til å ta ei gjennomgang av den delen av lektorprogramma som dreier seg om prosjektutvikling og metodeførebuing. Når det i dag ser ut til å vere slik at nokre lektorstudentar på HF må bruke fleire månader av niande semester til å lære seg metode medan andre har fått innføring i dette i åttande semester, tyder dette på ganske ulik vilkår. Dette er ulikskapar som etter mi meining burde vore utjamna i større grad. Dette gjeld særskilt førebuing og skoloring for empirisk didaktisk forskning. Dersom ein finn at kombinasjonen av 60 studiepoeng masteroppgåve og førebuing metodeskoloring fyller opp ein for stor del av masterstudiet, kan ein eventuelt vurdere omfanget på oppgåva. Ein reduksjon i oppgåvestorleik vil kunne innebere at ein må ta*



*kompensatoriske grep for å sikre at prosessen med masteroppgåva startar tidleg nok til at studenten får tid til førebuing og mogning.*

I innspelsrunden vil prosjektgruppa vere interessert i synspunkt på omfanget av masteroppgåva, og i kva grad ein kan sikre metodisk og teoretisk skulering for ei oppgåve med omfang på 60 studiepoeng. Alternativ kan ein òg tenkje seg ei masteroppgåve på 45 studiepoeng som kan koplast til eit metode-seminar/oppgåveseminar på 15 studiepoeng. Det vil vidare vere av interesse å få synspunkt om ein ved HF/SV skal leggje til grunn valfridom– om lektorstudentane skal kunne velje mellom masteroppgåver på t.d. 30, 45 og 60 studiepoeng, og korleis slik eventuell valfridom skal kunne handterast.

## 3. MODELLAR

### 3.1 Generelt

Lektorutdanninga har i dag følgjande fordeling av praksisdagar og profesjonsemne:

Sem.	Profesjonsemne MN	Profesjonsemne HF/SV	Praksisdagar MN	Praksisdagar HF/SV
8. sem (vår)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> <li>• 5 stp. fagdidaktikk</li> <li>• 5 stp. fagdidaktikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> <li>• 10 stp. fagdidaktikk</li> </ul>	30 dagar	40 dagar
7. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. fagdidaktikk</li> <li>• 10 stp. fagdidaktikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5 stp. fagdidaktikk</li> </ul>	49 dagar	28 dagar
6. sem. (vår)		<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5 stp. fagdidaktikk</li> </ul>		
5. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5 stp. pedagogikk</li> <li>• 5 stp. fagdidaktikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5 stp. pedagogikk</li> <li>• 5 stp. fagdidaktikk</li> </ul>	7 dagar	12 dagar
3. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5 stp. pedagogikk</li> <li>• 5 stp. fagdidaktikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5 stp. pedagogikk</li> <li>• 5 stp. fagdidaktikk</li> </ul>	7 dagar	8 dagar
1. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> </ul>		7 dagar	12 dagar

*Dagens modell for lektorutdanning*

Prosjektgruppa har gjennom arbeidet kome fram til følgjande fordeling av praksisdagar og profesjonsemne i ein redesigna modell for lektorutdanninga ved UiB for MN, HF og SV:

Semester	Profesjonsemne for MN	Profesjonsemne for HF og SV	Praksisdagar for MN, HF og SV
8. sem (vår)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> <li>• 20 stp. fagdidaktikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> <li>• 10 stp. fagdidaktikk (fag I)</li> </ul>	35 dagar
5. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> <li>• 10 stp. fagdidaktikk/lektor-tilpassa emne</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> <li>• 10 stp. fagdidaktikk (fag II)</li> </ul>	35 dagar
3. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. fagdidaktikk/lektor-tilpassa emne</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. fagdidaktikk (fag I)</li> </ul>	10 dagar
1. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 stp. pedagogikk</li> </ul>	10 dagar

*Framlegg til ny modell for lektorutdanning. I tillegg til praksisdagane som er opplista her, kjem kampusbaserte praksisdagar (10 dagar) t.d. i starten av 2., 4. og 6. semester.*

I modellen ovanfor er det gjort eit lite skilje mellom MN og HF/SV i 3. og 8. semester når det gjeld fordeling av fagdidaktikkemne og lektor-tilpassa emne. Ein kan eventuelt ha ei tilsvarande fordeling ved HF/SV. I så fall vil fordelinga under kolonnen «profesjonsemne for MN» også gjelde for HF/SV. I så fall vil 8. semester ha 20 studiepoeng fagdidaktikk (i tillegg til 10 studiepoeng pedagogikk), og det blir eit felles lektor-tilpassa emne i 3. semester. Alternativt kan ein tenkje seg 10 studiepoeng lektor-tilpassa emne (frå frie studiepoeng) i 8. semester for HF/SV (i tillegg til 10 studiepoeng fagdidaktikk og 10 studiepoeng pedagogikk), samtidig som ein held på fagdidaktikk i 3. semester. I modellutkasta for HF/SV på dei følgjande sidene blir det opna for nettopp den moglegheita, bl.a. for å få praksistilpassa semester. Prosjektgruppa ber om innspel på desse problemstillingane i innspelsrunden.

Prosjektgruppa vil hevde at utkasta til fordelinga av praksisdagar og profesjonsdagar vil framstå som forbetringar i høve til dagens modell, og vil møte forventingane som er knytte til oppdraget og til mandatet for prosjektgruppa:

- lektorutdanninga med fem ulike program skal ha eit heilskapleg studieløp med så einskapleg form som mogleg
- lektorutdanninga skal ha ei einskapleg praksisavvikling
- talet på praksisvariantar blir redusert
- praksis kan inngå som ein del av emna i fagdidaktikk og pedagogikk
- det blir innført profesjonsfagleg semester

Det siste punktet i mandatet for prosjektgruppa, at det skal bli innført i «profesjonsfagleg semester», er tilfredsstillt for i alle fall 8. semester for MN, men vil for HF/SV vere avhengig av kva for alternativ ein

vel av dei meir spesifiserte modellane som blir presentert på dei neste sidene. Prosjektgruppa er samtidig blitt meir merksam på *intensjonane* med profesjonsfagleg semester, nemleg at ein skal unngå kollisjonar mellom praksis og undervisning på kampus. Difor blir òg nemninga *praksistilpassa semester* brukt i dokumentet, for å følge opp den overordna intensjonen.

På dei følgjande sidene skal vi gå nærmare inn på dei alternative utkasta til ny modell for lektorutdanninga ved UiB som prosjektgruppa meiner det er føremålstenleg å gå vidare med. Presentasjonen er fakultetsdelt: Først kjem modellalternativ for MN, deretter modellalternativ for HF/SV, og i begge tilfella blir dei eksisterande modellane presenterte først (markert i blått). Grunnen til at vi set eit fakultetsskilje er at oppbygginga og fordelinga av disiplinfag er så ulik ved MN og HF/SV, i tillegg til at storleiken på masteroppgåva er ulike. Det vil bli for mange variablar å handtere om vi skal operere med fellesmatriser for alle fakulteta. I presentasjonen av kvart modellalternativ er det gitt nokre korte merknader om kva det aktuelle alternativet inneber i form av endringar.

## 3.2 MN-fakultetet

### Dagens modell for MN

Program/ studieretning					
Lektorprogram for naturvitskap og matematikk					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dagar)
<b>5. studieår</b>					
10. semester	Master- oppgåve (30)				
9. semester	Master-val (10)	Master-val (10)	Fag (10)		
<b>4. studieår</b>					
8. semester	Masterval (10)	Fagdid. fag 2 (5)	Fagdid. fag 1 (5)	Pedagogikk (10)	30
7. semester	Fag (10)	Fagdid. fag 2 (10)	Fagdid. fag 1 (10)		49
<b>3. studieår</b>					
6. semester (utanl.)	Val (10)	Ex.phil. (10)	Masterval (10)		
5. semester	Fag 1 (10)	Fag 1 (10)	Fagdid. fag 2 (5)	Pedagogikk (5)	7
<b>2. studieår</b>					
4. semester	Fag 1 (10)	Fag 1 (10)	Fag 2 (10)		
3. semester	Fag 1 (10)	Fag 2 (10)	Fagdid. fag 1 (5)	Pedagogikk (5)	7
<b>1. studieår</b>					
2. semester	Fag 1 (10)	Fag 1 (10)	Fag 2 (10)		
1. semester	Fag 1 (10)	Fag (10)		Pedagogikk (10)	7

I modellen ovanfor står talet på studiepoeng i parentes bak namnet på emna. Emnestrukturen er basert på MN-fakultetet sin generelle 10-studiepoengsmodell. Det er rett nok to profesjonsemne på fem studiepoeng kvar i to semester. Desse bryt likevel ikkje med 10-studiepoengsmodellen sidan dei kvart semester utgjer ti studiepoeng til saman.

MN har fått inn ti studiepoeng fagdidaktikk ekstra i høve til minimumstalet på 30 studiepoeng som rammeplanen oppgir, dvs. 40 studiepoeng fagdidaktikk til saman. Sidan fagdidaktiske emne er lettare å tilpasse praksis enn disiplinlege emne som primært er retta mot andre studentar enn lektorstudentar, blir praksisgjennomføringa enklare ved at ein får meir profesjonsfag i langpraksissemester enn det HF/SV har.

I dagens modell er det lagt opp til utanlandsopphald i sjette semester. (I tillegg har MN eit opplegg for å ha praksis i utlandet, i Sør-Afrika.)

Ved MN er masteroppgåva på 30 studiepoeng innanfor den femårige modellen.

## **Utkast til ny modell for MN – alternative modellar**

På dei følgjande sidene vil det bli presenterte to modellar. Skilnadene handlar om kva for semester ein skal plassere lektortilpassa emne i høve til fagdidaktikkemne. I modellutkasta blir tilhøvet mellom fag I og fag II ikkje spesifisert, men blir karakterisert som «disiplinfag».

---

### 3.1.1 Alternativ 1 for MN

Grov skisse av alternativ 1:

Semester	Profesjonsemne	Praksis-tilpassa emne	Praksisdagar
8. sem	Fagdidaktikk (20), pedagogikk (10)		35
5. sem	Pedagogikk (10), fagdidaktikk (10)	Ex.phil. (10)	35
3. sem	Lektortilpassa emne (10)		10
1. sem	Pedagogikk (10)		10

I tillegg kjem kampusbaserte praksisdagar (10 dagar) t.d. i starten av 2., 4. og 6. semester. (I modellen står talet på studiepoeng i parentes.)

## Detaljert skisse av alternativ 1:

Program/ studieretning						Lektorprogram for naturvitenskap og matematikk					
Semester		Emne (tal på studiepoeng)					Praksis (tal på dager)				
<b>5. studieår</b>											
10. semester (V)		Master- oppgåve (30)									
9. semester (H)		Disiplinfag (30)									
<b>4. studieår</b>											
8. semester (V)			Fagdidaktikk (10)	Fagdidaktikk (10)	Pedagogikk (10)						35
7. semester (H)		Disiplinfag (30)									
<b>3. studieår</b>											
6. semester (V)		Disiplinfag (30)									
5. semester (H)			Ex.phil. (10)	Fagdidaktikk (10)	Pedagogikk (10)						35
<b>2. studieår</b>											
4. semester (V)		Disiplinfag (30)									
3. semester (H)		Disiplinfag (20)		Lektortilpassa emne (10)							10
<b>1. studieår</b>											
2. semester (V)		Disiplinfag (30)									
1. semester (H)		Disiplinfag (20)				Pedagogikk (10)					10

**Merknader:**

- I denne modellen er fordelinga mellom profesjonfag, disiplinfag og lektortilpassa emne spesifisert. Den interne dimensjoneringa for disiplinfag I og II innanfor kvart semester er ikkje spesifisert.
- Det er i modellen lagt opp til to semester som fullt ut er tilpassa langpraksis: Det er eitt praksistilpassa semester i 5. semester ved at det her er lagt inn undervisningsemne som er spesifikke for lektorstudentane (bl.a. ex.phil.). Det gjer det mogleg å unngå kollisjonar mellom undervisning og praksis. I tillegg er det lagt opp til profesjonssemester i 8. semester med berre profesjonsfag i tillegg til praksis.
- Ex.phil. kjem inn i femte semester (mot 6. semester som normalen i dag).
- Det er fem semester med berre disiplinfag, i tillegg til masteroppgåvesemesteret.
- Det er lagt opp til eit lektortilpassa emne i 3. semester. Det lektortilpassa emnet er tenkt å vere felles for lektorstudentane ved MN.
- I tillegg kjem 10 kampusbaserte praksisdagar, slik at det blir 100 dagar praksis til saman.

**3.1.2 Alternativ 2 for MN****Grov skisse av alternativ 2 for MN:**

Semester	Profesjonsemne	Praksis-tilpassa emne	Praksisdagar
8. sem	Fagdidaktikk (20), pedagogikk (10)		35
5. sem	Pedagogikk (10), lektortilpassa emne (10)	Ex.phil. (10)	35
3. sem	Fagdidaktikk (10)		10
1. sem	Pedagogikk (10)		10

I tillegg kjem kampusbaserte praksisdagar (10 dagar) t.d. i starten av 2., 4. og 6. semester. (I modellen står talet på studiepoeng i parentes.)

Skilnaden mellom alternativ 1 og 2 er at i alternativ 2 har 10 studiepoeng fagdidaktikk i 5. semester bytta plass med 10 studiepoeng lektortilpassa emne i 3. semester. Dette er den einaste skilnaden.

**Detaljert skisse av alternativ 2 for MN:**



Program/ studieretning					
Lektorprogram for naturvitenskap og matematikk					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dager)
<b>5. studieår</b>					
10. semester (V)	Master- oppgåve (30)				
9. semester (H)	Disiplinfag (30)				
<b>4. studieår</b>					
8. semester (V)		Fagdidaktikk (10)	Fagdidaktikk (10)	Pedagogikk (10)	35
7. semester (H)	Disiplinfag (30)				
<b>3. studieår</b>					
6. semester (V)	Disiplinfag (30)				
5. semester (H)		Ex.phil. (10)	Lektortilpassa emne (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>2. studieår</b>					
4. semester (V)	Disiplinfag (30)				
3. semester (H)	Disiplinfag (20)		Fagdidaktikk (10)		10
<b>1. studieår</b>					
2. semester (V)	Disiplinfag (30)				
1. semester (H)	Disiplinfag (20)			Pedagogikk (10)	10

## 3.2 HF/SV-fakultetet

### Dagens modell for HF/SV:

Program/ studieretning	Lektorprogram for a) framandspråk, b) historie eller religion, c) nordisk og d) samfunnsfag (sosiologi)				
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dager)
<b>5. studieår</b>					
10. semester	Master-oppgåve (30)				
9. semester	Master-oppgåve (30)				
<b>4. studieår</b>					
8. semester	Fag I (10)	Fagdid. i fag I (10)		Pedagogikk (10)	40
7. semester	Fag I (15)	Fag I (10)	Fagdid. i fag II (5)		28
<b>3. studieår</b>					
6. semester	Fag I (15)	Fag II (10), BA-oppg.	Fagdid. i fag I (5)		
5. semester	Fag II (10)	Fag II (10)	Fagdid. fag II (5)	Pedagogikk (5)	12
<b>2. studieår</b>					
4. semester	Fag II (15)	Fag II (15)			
3. semester	Fag I (10)	Fag I (10)	Fagdid. i fag I (5)	Pedagogikk (5)	8
<b>1. studieår</b>					
2. semester	Fag I (15)	Fag I (15)			
1. semester	Ex.phil. (10)	Ex.fac. (10)		Pedagogikk (10)	12

I den eksisterande modellen for HF/SV er det fem praksisperiodar. Det er profesjonsfag i alle praksisperiodar, men òg profesjonsfag i eit semester der det ikkje er praksis (6. semester). Det er ingen reine profesjonssemester, og det er innslag av disiplinfagemne i alle praksisperiodar. Studentevalueringar tyder på at særleg 7. semester har vore problematisk med tanke på kollisjonar mellom praksis og undervisning på kampus.

For at dei disiplinfaglege emna skal passe inn i eit studieløp med profesjonsfag og praksis undervegs i studiet, er det innført såkalla L-emne, disiplinfaglege emne på 10 studiepoeng. Desse emna bryt med den etablerte norma ved HF/SV om at emna normalt har 15 studiepoeng. Lektorstudentar som følgjer L-emne tek disiplinfaglege emne på 10 studiepoeng, men undervisninga og pensum i emnet er eigentleg lagt opp til å vere på 15 studiepoeng. Lektorstudentane skal då få reduksjonar i pensum, undervisning og eksamen som svarar til studiepoengreduksjonen. Vi finn L-emne i 3., 5., 6., 7. og 8. semester. I 2. og 3. semester er det ikkje nødvendig med tilpassa emne.

Ved HF/SV er masteroppgåva på 60 studiepoeng.

## **Utkast til ny modell for HF/SV – alternative modellar**

På dei følgjande sidene vil det bli presentert ulike alternativmodellar for lektorprogramma ved HF/SV. Hovudskilnadane handlar primært om kvar ein skal plassere disiplinfaglege emne og kvar ein skal plassere ex.phil. I tillegg er det ulike alternativ knytte til innføringsemne i første semester og til bruk av lektortilpassa emne innanfor dei frie studiepoenga.

I modellane for HF/SV blir fordelinga av fag I og fag II spesifisert, og det same er tilfellet for fordelinga av fagdidaktikk i fag I og fag II.

### 3.2.1 Alternativ 1 for HF/SV

#### Grov skisse av alternativ 1 for HF/SV

Semester	Profesjonsemne	Praksis-tilpassa emne	Praksisdagar
8. sem	Fagdidaktikk (10), pedagogikk (10)		35
5. sem	Pedagogikk (10), Fagdidaktikk (10)	Ex.phil. (10)	35
3. sem	Fagdidaktikk (10)		10
1. sem	Pedagogikk (10)		10

I tillegg kjem kampusbaserte praksisdagar (10 dagar) t.d. i starten av 2., 4. og 6. semester. (Tala i parentes står for studiepoeng.)

Den grove skissa for alternativ 1 er felles for alternativ 1, 2 og 3.

## Detaljert skisse av alternativ 1 for HF/SV:

Program/ studieretning					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dager)
<b>5. studieår</b>					
<b>10. semester (V)</b>	Master-oppgåve (30)				
<b>9. semester (H)</b>	Master-oppgåve (30 eller 15)	Evt. master-oppgåve-kurs (0 eller 15)			
<b>4. studieår</b>					
<b>8. semester (V)</b>	Fag I /frie studiepoeng (10)		Fagdidaktikk fag I (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>7. semester (H)</b>	Fag I (30)				
<b>3. studieår</b>					
<b>6. semester (V)</b>	Fag I (20)	Fag II (10)			
<b>5. semester (H)</b>	Ex.phil. (10)		Fagdidaktikk fag II (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>2. studieår</b>					
<b>4. semester</b>	Fag II (30)				
<b>3. semester (H)</b>	Fag I (10)	Fag II (10)	Fagdidaktikk fag I (10)		10
<b>1. studieår</b>					
<b>2. semester (V)</b>	Fag I (30)				
<b>1. semester (H)</b>	Fag I (10)	Fag II (10)		Pedagogikk (10)	10

**Merknader:**

- I denne modellen er fordelinga mellom profesjonsfag, disiplinfag I og II og eventuelle frie studiepoeng spesifisert. Den interne dimensjoneringa for emna i disiplinfag I og II innanfor kvart semester er ikkje spesifisert.
- Ex.phil. kjem inn i femte semester. Det er føresett at ex.phil. er tilpassa praksis for lektorstudentane.
- Det er lagt opp til eit praksistilpassa 5. semester ved at ex.phil. (tilrettelagt for lektorstudentar) er lagt inn i tillegg til fagdidaktikk og pedagogikk. Det gjer det mogleg å unngå kollisjonar mellom undervisning og praksis.
- I 8. semester kan ein i tillegg til 20 studiepoeng profesjonsfag ha anten disiplinfagemne på 10 studiepoeng eller innføre eit lektortilpassa emne på 10 studiepoeng (basert på såkalla frie studiepoeng). Dersom ein vel den siste løysinga vil 8. semester i større grad kunne bli eit praksistilpassa semester.
- Det er lagt inn både fag I og fag II i første semester. Dette kan vere innføringsemne eller ordinære emne.
- Det er tre semester med berre disiplinfag (mot to semester i dagens modell)
- Det er, etter førstesemesteret, lagt inn to semester med både fag I og fag II (mot eitt semester i dagens modell). Motivasjonen er å prøve å unngå dublering av emne i fag II og å bidra til at studentane får tilstrekkeleg fagkunnskap i fag II før første langpraksisperiode. Ulempa er at to ulike fag på 100-nivå kan vere vanskeleg å handtere studieadministrativt, pga. kollisjonsmatrisene. Denne ulempa framstår som det mest usikre momentet ved alternativ 1.
- I 6. semester er det lagt opp til 10 studiepoeng i fag II som kan brukast til BA-oppgåve (slik ein gjer det i dag). Det vil normalt ikkje utløyse behov for dublering av undervisninga i fag II.
- Det er opning for at studentane kan skifte fag I/fag II ved sjette semester
- Det er lagt opp til masteroppgåvearbeid i 9. og 10. semester. Modellskissa opnar for at innspelsinstansane kan gi innspel på om ein ønskjer masteroppgåve på 60 studiepoeng eller masteroppgåve på 45 studiepoeng + 15 studiepoeng kurs i metode/teori/oppgåverelatert tema.
- Det er opning for at studentane kan skifte fag I/fag II ved sjette semester
- I tillegg kjem 10 kampusbaserte praksisdagar, slik at det blir 100 dagar praksis til saman.
- Som tilfellet er med andre alternative modellar, blir innspelsinstansane bedne om å kommentere bruk av eventuelle frie studiepoeng i 8. semester (for å få praksistilpassa semester) og omfanget av masteroppgåva.

### 3.2.2 Alternativ 2 for HF/SV

Grov skisse av alternativ 2: Heilt likt alternativ 1.

Detaljert skisse av alternativ 2:

Program/ studieretning					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dagar)
<b>5. studieår</b>					
<b>10. semester (V)</b>	Master-oppgåve (30)				
<b>9. semester (H)</b>	Master-oppgåve (30 eller 15)	Evt. master-oppgåve-kurs (0 eller 15)			
<b>4. studieår</b>					
<b>8. semester (V)</b>	Fag I /frie studiepoeng (10)		Fagdidaktikk fag I (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>7. semester (H)</b>	Fag I (30)				
<b>3. studieår</b>					
<b>6. semester (V)</b>	Fag I (10)	Fag II (20)			
<b>5. semester (H)</b>	Ex.phil. (10)		Fagdidaktikk fag II (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>2. studieår</b>					
<b>4. semester (V)</b>	Fag II (30)				
<b>3. semester (H)</b>	Fag I (10)	Fag II (10)	Fagdidaktikk fag I (10)		10
<b>1. studieår</b>					
<b>2. semester (V)</b>	Fag I (30)				
<b>1. semester (H)</b>	Fag I (10)	Ex.fac./anna emne (10)		Pedagogikk (10)	10

**Merknader:**

- Alternativ 2 er identisk med alternativ 1, med eitt unntak:
- Det blir i dette alternativet ikkje emne i fag II i første semester. Dermed blir det i sjetten semester 20 studiepoeng fag II og 10 studiepoeng i fag I for at ein skal kunne få 60 studiepoeng i fag II.
- Dei andre merknadene for alternativ 1 gjeld såleis for alternativ 2.
- I tillegg kjem 10 kampusbaserte praksisdagar, slik at det blir 100 dagar praksis til saman.
- Som tilfellet er med andre alternative modellar, blir innspelsinstansane bedne om å kommentere bruk av eventuelle frie studiepoeng i 8. semester (for å få praksistilpassa semester) og omfanget av masteroppgåva.



### 3.2.3 Alternativ 3 for HF/SV

Grov skisse av alternativ 3: Heilt likt alternativ 1 og 2.

Detaljert skisse av alternativ 3:

Program/ studieretning					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dagar)
<b>5. studieår</b>					
<b>10. semester (V)</b>	Master-oppgåve (30)				
<b>9. semester (H)</b>	Master-oppgåve (30 eller 15)	Evt. master-oppgåve-kurs (0 eller 15)			
<b>4. studieår</b>					
<b>8. semester (V)</b>	Fag I /frie studiepoeng (10)		Fagdidaktikk fag I (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>7. semester (H)</b>	Fag I (30)				
<b>3. studieår</b>					
<b>6. semester (V)</b>	(eventuelt 10 for fag I)	Fag II (30) (eventuelt 20 for fag II)			
<b>5. semester (H)</b>	Ex.phil. (10)		Fagdidaktikk fag II (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>2. studieår</b>					
<b>4. semester (V)</b>	Fag II (30)				
<b>3. semester (H)</b>	Fag I (20)		Fagdidaktikk fag I (10)		10
<b>1. studieår</b>					
<b>2. semester (V)</b>	Fag I (30)				
<b>1. semester (H)</b>	Fag I (10)	Ex.fac./anna emne (10) eller fag II (10)		Pedagogikk (10)	10

**Merknader:**

- Fleire fellestrekk med alternativ 1.
- I denne modellen er det i tredje semester disiplin faglege emne i berre eitt fag, fag I. Motivasjonen for ei slik løysing er at ein kan unngå studieadministrative utfordringar ved komplisert kollisjonsmatrise (dersom ein skulle ha både fag I og fag II i tredje semester). Den løysinga fører i sin tur til at 10 stp. i fag II må flyttast til seinare i studieløpet, dvs. til 6. semester. Der blir fordelinga 20 stp. i fag II og 10 stp. i fag I.
- Det blir opna for å flytte 10 stp. i fag II frå første semester til sjette semester, slik at det i så tilfelle blir 30 studiepoeng i sjette semester, dvs. eit reint fag II-semester. Bakgrunnen for å gjere ei slik flytting er at emnet i fag II blir eit reint innføringsemne som ikkje kan godkjennast som del av dei 60 studiepoenga for fag II, eller at ein vil halde på ex.fac.-emne i tillegg til innføringsemne i fag I.
- Ein sannsynleg konsekvens av å eventuelt plassere fleire emne i fag II i sjette semester, vil vere at ein i fag II (i endå større grad) må dublere undervisning på 100-nivået for lektorstudentane. I eit slikt tilfelle vil ein måtte gi undervisning for fag II i eit vårsemester for emne som ein normalt bruker haustsemesteret til å undervise i. Det vil ha ressursmessige konsekvensar.
- Å flytte fag II-emne til det sjuande semesteret blir sett på som uaktuelt, fordi ein i dette semesteret er komen til masterdelen av studiet, og fag II-emne skal vere på lågare nivå.
- I tillegg kjem 10 kampusbaserte praksisdagar, slik at det blir 100 dagar praksis til saman.
- Som tilfellet er med andre alternative modellar, blir innspelsinstansane bedne om å kommentere bruk av eventuelle frie studiepoeng i 8. semester (for å få praksistilpassa semester) og omfanget av masteroppgåva.

### 3.2.4 Alternativ 4 for HF/SV

#### Grov skisse av alternativ 4 for HF/SV

Semester	Profesjonsemne	Praksis-tilpassa emne	Praksisdagar
8. sem	Fagdidaktikk (10), pedagogikk (10)		35
5. sem	Pedagogikk (10), Fagdidaktikk (10)		35
3. sem	Fagdidaktikk (10)		10
1. sem	Pedagogikk (10)	Ex.phil. (10)	10

I tillegg kjem kampusbaserte praksisdagar (10 dagar) t.d. i starten av 2., 4. og 6. semester. (Tala i parentes står for studiepoeng.)

Den grove skissa for alternativ 4 inneber at ex.phil. blir plassert i 1. semester, og det får i sin tur konsekvensar for plasseringa av andre element.

## Detaljert skisse av alternativ 4 for HF/SV

Program/ studieretning					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dager)
<b>5. studieår</b>					
<b>10. semester</b>	Master- oppgåve (30)				
<b>9. semester</b>	Master- oppgåve (30 eller 15)	Evt. master- oppgåve- kurs  (0 eller 15)			
<b>4. studieår</b>					
<b>8. semester</b>	Fag I /frie studiepoeng (10)		Fagdidaktikk fag I (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>7. semester</b>	Fag I (30)				
<b>3. studieår</b>					
<b>6. semester</b>	Fag I (20)	Fag II (10)			
<b>5. semester</b>		Fag II (10) praksis- tilpassa	Fagdidaktikk fag II (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>2. studieår</b>					
<b>4. semester</b>		Fag II (30)			
<b>3. semester</b>	Fag I (10)	Fag II (10)	Fagdidaktikk fag I (10)		10
<b>1. studieår</b>					
<b>2. semester</b>	Fag I (30)				
<b>1. semester</b>	Ex.fac./fag I (10)	Ex.phil. (10)		Pedagogikk (10)	10

**Merknader:**

- Dette er det alternativet som har mest fellestrekk ved dagens modell.
- Hovudskilnaden frå dei andre alternativa er at ex.phil. blir plassert i første semester.
- For å unngå kollisjonar mellom praksis og undervisning i 5. semester, må det lagast eit lektortilpassa disiplin fag emne på 10 studiepoeng i fag II, dersom ein skal ha fag II-emne der.
- Det er tre semester med berre disiplin fag (mot to semester i dagens modell).
- Det er, etter førstesemesteret, lagt inn to semester med både fag I og fag II (mot eitt semester i dagens modell). Motivasjonen er å prøve å unngå dublering av emne. Dersom ein vel å flytte fag II-emnet i tredje semester til sjette semester bl.a. pga. komplisert kollisjonsmatrise med fag I og fag II i same semester, vil ein få dei tilsvarande problemstillingane knytt til dublering som tilfellet er med alternativ 3.
- I tillegg kjem 10 kampusbaserte praksisdagar, slik at det blir 100 dagar praksis til saman.
- Som tilfellet er med andre alternative modellar, blir innspelsinstansane bedne om å kommentere bruk av eventuelle frie studiepoeng i 8. semester (for å få praksistilpassa semester) og omfanget av masteroppgåva.

## 4. SPØRSMÅL TIL INNSPELS- RUNDEN

---

I innspelsrunden vil prosjektgruppa be om skriftleg tilbakemelding på spørsmåla som er formulerte nedanfor. Spørsmål 1 og 20 er mest overordna. Spørsmål 2–19 går meir i detaljane. Sidan det er mest utfordrande å få til ein modell for lektorutdanninga ved HF/SV, er mange spørsmål knytte til desse fakulteta.

### 4.1 Overordna mål

Styringsgruppa har gjort følgjande vedtak om redesignprosessen: «*Dei overordna måla må vera å få til ei betre innplassering av praksis og å styrkja samanhengen mellom praksis og undervisninga i disiplinfag, didaktikk og pedagogikk.*»

**Spørsmål 1.** I kva grad vil dei ulike utkasta til modell for lektorutdanninga bidra til å nå det overordna målet for redesignprosessen?

### 4.2 Praksisperiodar i studieløpet

Prosjektgruppa føreslår ei endring frå fem til fire praksisperiodar. Praksisperiodane skal fordelast mellom 1., 3., 5. og 8. semester, med langpraksis i dei to siste periodane. I tillegg blir det føreslått kampusbaserte praksisperiodar på til saman 10 dagar.

**Spørsmål 2.** I kva vil denne fordelinga av praksisdagar kunne gi eit betre innplassering av praksis?

### 4.3 Fordeling av profesjonsfagemne

Prosjektgruppa føreslår at fagdidaktikk og pedagogikk held fram som eigne emne, og at dei blir fordelt på følgjande måte:

Semester	Profesjonsemne for MN	Profesjonsemne for HF og SV	Praksisdagar for MN, HF og SV
8. sem (vår)	<ul style="list-style-type: none"> <li>10 stp. pedagogikk</li> <li>20 stp. fagdidaktikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>10 stp. pedagogikk</li> <li>10 stp. fagdidaktikk (fag I)</li> </ul>	35 dagar
5. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>10 stp. pedagogikk</li> <li>10 stp. fagdidaktikk/lektortilpassa emne</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>10 stp. pedagogikk</li> <li>10 stp. fagdidaktikk (fag II)</li> </ul>	35 dagar
3. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>10 stp. fagdidaktikk/lektortilpassa emne</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>10 stp. fagdidaktikk (fag I)</li> </ul>	10 dagar
1. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> <li>10 stp. pedagogikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>10 stp. pedagogikk</li> </ul>	10 dagar

**Spørsmål 3.** I kva grad vil framlegg til fordeling av profesjonsemne (pedagogikk og fagdidaktikk) bidra til å styrkje samanhengen mellom fagdidaktikk, pedagogikk, praksis og disiplinfag?

**Spørsmål 4.** Korleis stiller fagmiljøa ved HF og SV seg til å ha ei tilsvarande fordeling av profesjonsemne/lektortilpassa emne som ved MN?

#### 4.4 Disiplinfaglege emne

Prosjektgruppa kjem med ulike modellar for fordeling av disiplinfag i studieløpet. Vi ber om synspunkt på fordelinga av disiplinfagemne i studieløpet.

**Spørsmål 5:** Korleis kan dei ulike utkasta til fordeling av disiplinfagemne i studieløpet bidra til å nå dei overordna måla med redesignprosessen?

**Spørsmål 6:** Korleis kan ein ved HF/SV eventuelt setje saman lektortilpassa emne på 10 studiepoeng (som samtidig er opne for studentar utanfor lektorprogramma)?

**Spørsmål 7:** Korleis kan ein gå fram for å takle disiplinfagemne i fag I og fag II i same semester?

**Spørsmål 8:** Korleis kan ein gå fram for å unngå dublering av disiplinfagemne?

#### 4.5 Plassering av ex.phil. i femte semester

Fleirtalet i prosjektgruppa føreslår å flytte ex.phil. til femte semester (frå 6. semester for MN og frå 1. semester for HF/SV). Eit element i framlegget er at ex.phil. på denne måte blir organisatorisk tilrettelagt for lektorstudentar, og at femte semester dermed kan gjennomførast utan kollisjonar mellom undervisning og praksis.

**Spørsmål 9:** Kva er fordelane og ulempene ved å plassere ex.phil. i femte semester for lektorutdanninga, ut frå modellutkasta?

## 4.6 Førstesemesteremne

Prosjektgruppa kjem med framlegg om å innføre innføringemne i fag I og fag II i førstesemesteret for lektorstudentar ved HF/SV.

**Spørsmål 13: Bør det for HF/SV vere innføringsemne i fag I og fag II i førstesemester?**

**Spørsmål 14: I kva grad vil disiplinaglege innføringsemne gi nødvendige førkunnskapar for å gjennomføre lektorutdanninga?**

## 4.7 Frie studiepoeng

Prosjektgruppa føreslår at det for MN blir brukt 10 frie studiepoeng på eit lektortilpassa emne. Gruppa opnar samtidig gjennom modellutkasta for at eit slikt emne kan vere aktuelt òg for HF/SV, primært i 8. semester, bl.a. for å unngå kollisjonar mellom praksis og undervisning på kampus.

**Spørsmål 15: I kva grad og på kva måte kan eit slikt lektortilpassa emne, basert på frie studiepoeng, vere aktuelt for lektorprogramma ved HF/SV i 8. semester?**

## 4.8 Masteroppgåve

I dag skriv lektorstudentane ei masteroppgåve på 30 studiepoeng ved MN, medan dei skriv masteroppgåve på 60 studiepoeng på HF/SV.

**Spørsmål 16: Kor stort omfang bør masteroppgåva ha?**

**Spørsmål 17: Korleis kan behovet for brei innføring i metode, teori og prosjektutvikling bli teken vare på med ei masteroppgåve på 60 studiepoeng?**

**Spørsmål 18: Bør omfanget av masteroppgåva gjerast valfri for studentane? Korleis kan ein eventuell valfridom handterast?**

## 4.8 Utanlandsopphald

Studentane skal ha moglegheit for å reise på utveksling i utlandet i løpet av studieperioden.

**Spørsmål 19: I kva for semester vil det vere best å leggje til rette for at studentane kan reise på utveksling, ut frå dei ulike modellutkasta?**

## 4.9 Val av modell

**Spørsmål 20: Kva for modellutkast vil vere best? Korleis kan modellutkastet eventuelt gjerast endå betre?**



